



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

ÅRSMELDING LEIKANGER JAKT OG FISKELAG 1994

I 1994 hadde Leikanger J.F.L. 76 betalande medlemer. Det vart halde 3 styremøte, der mesteparten av tida har gått med til planlegging av den nye leirduebana og lagshytta. Laget har vore i møte med kommunen, SYRIL og personar hjå Fylkesmannen vedr. utbygginga på Kleppa.

Nokre av medlemene beisa Trastadalshytta i sommar.

Konvoluttlotteriet gav laget ei god inntekt også denne gongen (sjå rekneskap).

Laget arrangerte lysbiltete-show på leikanger Fjordhotell der Morten Brekke viste lysbilete med lyd og kommentar frå jakt og fiske i Alaska. Det møtte ca. 75 personar frå fleire stader i indre Sogn.

Det har vore bra aktivitet på leirduebana i året som har gått. Leikanger J.F.L. arrangerte 3 dagar med ope stemne, med eit gjennomsnitt på 25 skyttarar kvar dag.

På Vestlandsmeisterskapet i Førde vart Svein Inge Lundheim nr.3 i kl. A og samanlagt, etter å ha tapt omskytinga om 2. plassen til Olav Aarskaug.

Premie vart det også til Kurt Langeteig som vart nr.4 i kl. A og samanlagt. Frode Husum vart nr. 4 i kl. C og Kristian Nord nr. 2 i kl. D2.

Leikanger J.F.L. tok 1. plassen i lagskytinga på VM med Kurt Langeteig, Nils Olav Langeteig og Svein Inge Lundheim på laget.

Pinsekarusellen vart også i år vunnen av Kurt Langeteig som skaut 70 tr. + 25 tr. i finalen. Det var hans tredje strake napp i vandrepokalen (EVT).

Odd Reksnes vart fylkesmeister med 48 tr. og tok det første nappet i den nye vandrepokalen. Frode Husum vart nr. 2 i kl. C, John Magne Berkvam vart nr. 1 i kl. D1 og Jan Ole Reksnes vart nr. 2 i kl. D1.

På eit 200-skot stemne på Flå vart Frode Husum utteken til å skyte i juniorklassen for Norge i landskampen mot Sverige.

I dobbeltstemna 25-26/6 på Kleppa vart Kurt Langeteig samanlagtvinnar med 94 tr. og tok det andre nappet i vandrepokalen som er gjeven av Inga og Sigmund Langeteig.

På NM-Jegertrap i Orkla vart Frode Husum nr. 28 med 44 tr. i kl. C.

På NM-Nordisk Trap på Raufoss vart Oddbjørn Mulen nr.14, Kurt Langeteig nr. 15 og Geir Vie nr. 21 i seniorklassa. Frode Husum vart nr. 10 i juniorklassen. Alle fekk premie.

Leikanger J.F.L. tok sølv i lagskyting for 3-mannslag på NM-Nordisk trap. Med på laget var Kurt Langeteig, Oddbjørn Mulen og Geir Vie.

På lagsmeisterskapet vart Kurt Langeteig vinnar i seniorklassa og lagsmeister med 25 tr. og tok det tredje nappet i laget sin andre vandrepokal. Det var 10 deltagarar i seniorklassa. I juniorklassa var det 3 deltagarar og Kristian Nord vart vinnar med 19 tr. I jegerklassa var det 10 deltagarar og Sverre Fossen vart vinnar med 19 tr.

I Beretta Norgescup-finalen vart Kurt Langeteig nr. 5 i kl. A og samanlagt.

I Sogn og Fjordane cup-finalen hadde Leikanger J.F.L. med 5 skyttarar i seniorklassa som vart vunnen av Oddbjørn Mulen etter omskyting med Frode Husum nr.2 og Olav Arskaug nr.3. Kurt Langeteig vart nr. 4, Odd Reksnes nr.5, Nils Olav Langeteig nr. 7 og Svein Inge Lundheim nr. 8.

I juniorklassa var det 3 deltagarar og vinnar vart Ole Cr. Bringebøen, Kristian Nord nr. 2 og Jan Ole Reksnes nr. 3.

Ca. 10 skyttarar har vore med på utestemne i fylket og andre stader i landet. 3 skyttarar frå Førde har vore sidemedlemer i laget for å skyte i Nordisk Trap.

Stemnevinnarar i år: Kurt Langeteig 3 stemne
Odd reksnes 1 stemne



LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

ÅRSMELDING FRÅ FISKEUTVALET FOR 1994

Fiskeutvalet har i 1994 halde fram arbeidet med fiskekortordning for nedre del av Henja-elva og dei etter kvart årvisse fiskekonkurransane.

Konkurransar

"Vårsprennen" gjekk av stabelen for 4. gong søndag 8. mai. Sjøl i gråver og låge temperaturar møtte 27 personar opp med godt mot.

Makan til fiskelukke skal ein vente lenge etter.

Etter tre timars iherdig innsats vart det tilsaman landa berre 1,485 kg fisk mellom Fatlaelvi og Hella.

Tre personar fekk fisk, og det var:

1. Jan Tore Fedje tils. 940 gr.
2. Sigbjørn Velle tils. 335 gr.
3. Oddvar Sterri tils. 210 gr.

J.T. Fedje fekk sitt fyrste napp i vandrepokalen for største fisk som vog 410 gr.

13.- 14. august vart fiskekonkurransen på Fjærlandssete avvikla. Denne helga var det ikkje så stor oppslutnad, då det deltok 7 karar over 16 år og 4 under den alderen. Ivar Ness fekk lettare kamp enn på lenge. Han fekk 18 fine aurar og vann det heile.

Rolf Almås fekk 11 stk., Magne Optun 8 og Knut B. Flaten 6 fiskar.

Rolf vann klassa for størst fisk på 280 gram.

Ivar fekk største fisken på flugestong for 3. gong, så til neste år må det settast opp ny premie i den klassen. Klassen under 16 år vann Svein Jarle Slinde med 8 fiskar, Hendrik Røyseth og Johan Stadheim fekk kvar sin aure.

Ein bør vurdere premie for flugefiskarar i yngste klasse ved seinare arrangement.

Knut Gjerde og Rune Lundheim var ansvarlege for arrangementet og triveleg bålkos på selbøen laurdagskvelden, og er takk skuldig for god avvikling.

Fiskekortordning

For 1994-sesongen fekk vi avtaler om fiske på begge sider nederst i Henjaelva, men framleis berre for eitt år. Ein grunneigar var ikkje med på ordninga. Desse avtalene og salsordning for kort på Esso ordna Johan Bondhus.

Fisketida vart av Fylkesmannen sett til 15. juni - 31. august i den lakseførande delen av Henjaelvi.

Frå start til veke 28 vart det ikkje innmeldt fangstar i elva.

Sidan var det jamt med innmelde fangstar.

Fangsttala viser 44 laksar, tils. 149,8 kg og 5 sjøaurar, tils. 10,8 kg. Totalt er dette omlag det dobbelte av 93-sesongen.

./. Kopi av fangstoversikt ligg ved.

Det vart ialt selt 145 kort. Inntekta vart kr. 5960.

Laget vil gå inn med midlar som kan betre fisketilhøva, evt. kultiveringstiltak dersom det kan oppnåast langsiktige avtaler.

Det vil i framtida vere trøng for ettersyn og handheving av fiskereglane i kortordninga.

Forsuring av vassdrag

I mai sende utvalet brev til Leikanger kommune og grunneigarlaget og stillte seg til disposisjon for undersøking av pH-verdiar i vassdraga. Dette vart det ikkje noko konkret ut av då, men bør vere aktuelt framleis.

Johan Bondhus som var aktiv med i laget og utvalet, orienterte på siste årsmøtet om "kalking av vassdrag", kurs i Førde han deltok på.

Johan leverte avtalane om elvefiske før han reiste til sjukehus i mai. Derfrå fekk vi meldinga at han døydde kort tid etter.

Ei still takk for det han gjorde og var for oss i laget!

For fiskeutvalet: Kolbjørn Nord (form.)

| | | | |
|---|---|----------------|-----------------|
| Navn på fiskerettshavar eller sameige (kontaktperson) | Avtale m/fleire grunneigarar Sal av fiskekort administrert | EIV | Nedre Hengaelvi |
| Telefonnummer | av Leikanger Jakt - og Fiskelag v/ Kolbjørn Nörd | Fiskal kommune | LEIKANGER |
| Adresse | Sieberg | | |
| Postnr. | 5840 | Poststad | HERMANNSVERK |
| Gardsnr. | | Bruksnr. | Hermansverk |

44 lekssar tils. 149,8 kg, Direktoratet for naturforvaltning
5 sjøaurar tils. 10,8 kg,
160,6 kg

1/10-94 K. Ward



76

**LEIKANGER
JAKT- OG FISKELAG**

LEIKANGER JAKT OG FISKELAG 1994

UTGIFTER

| | |
|---------------------|-----------------|
| Frakt | 1200,00 |
| Kurs/møter | 1456,00 |
| Kjøp skot/duer | 29868,04 |
| Kjøp premiar | 10398,00 |
| Diverse utgifter | 9145,70 |
| Kioskvarer | 4069,43 |
| Gebyr | 158,00 |
| <hr/> | |
| Sum utgifter | 56295,17 |

INNTEKTER

| | |
|-------------------------|-----------------|
| Sal skot/duer | 12584,00 |
| Inntekt trening/stemner | 29571,00 |
| Tilskot | 2500,00 |
| Inntekt fiske | 6840,00 |
| Kontigentavrekning | 2520,00 |
| Lotteri | 19123,00 |
| Renter | 1514,00 |
| <hr/> | |
| | 56295,17 |
| Overskot | 18356,83 |
| <hr/> | |
| | 74652,00 |
| | 74652,00 |
| <hr/> | |

AKTIVA PR. 31.12.94:

| | |
|------------------------------|----------|
| Sparebanken Sogn og Fjordane | 63960,55 |
| Skot - duer - premiar etc. | 9816,00 |
| Bygg - anlegg | 27700,00 |
| Leirduekastar m/utstyr | 38790,00 |

31.12.94 - 24.1.95

Odd Reksnes



LEIKANGER JAKT OG FISKELAG

Vårt banksamband:
SPAREBANKEN
Sogn og Fjordane

Knto: 3781 07 30 251

Styret i Leikanger Jakt og Fiskelag 1994

| | | |
|---|--------------|---------------------------------|
| B | Formann: | Kurt Langeteig <i>affval</i> |
| A | Nestformann: | Kjell Erik Strand |
| A | Kasserar: | Odd Reksnes |
| B | Sekretær: | Bjørn Hagen <i>Bjørn Fjøsne</i> |
| A | Styremedlem: | Nils Olav Langeteig |
| B | Varamedlem | Steinar Berkvam <i>affval</i> |

Jaktutval:

| | | |
|---|-------------|-------------------------------|
| A | Formann: | Svein Inge Lundheim |
| A | Medlem: | Kurt Langeteig <i>affval</i> |
| B | Medlem: | Ivar Fagerheim <i>affval</i> |
| B | Varamedlem: | Vidar Frækaland <i>affval</i> |

Fiskeutval:

| | | |
|---|-------------|---|
| B | Formann: | Kolbjørn Nord <i>Åsmund Espe</i> |
| B | Medlem: | Steinar Røysum <i>affval</i> |
| A | Medlem: | Johan Bondhus (død) <i>Frode Ijones (får)</i> |
| A | Varamedlem: | Geir Ove Røysum |
| | | <i>Kolbjørn Nord</i> |

Revisorar:

| | | |
|---|--|-----------------------------|
| B | | Sverre Fossen <i>affval</i> |
| A | | Inge Yttri |

Valnemnd:

| | | |
|---|--------------------|---|
| A | Formann | Bjørn Fjøsne <i>Per Olav Heijum (får)</i> |
| B | <i>Formann</i> | Vidar Frækaland <i>affval</i> |
| B | | Geir Nygård <i>affval</i> |

Forklaring: A = Ikke på val (ved årsmøtet 1995)
B = På val (ved årsmøtet 1995)

Årsmøte på Sognefjord listell fredag 3. mars 1995

Det møtte 13 medlemmer på møtet.

Sak 1: Godkjenning av innkalling.

Dtt var ingen merknad til innkallinga

Sak 2: Val av 2 medlemer til å skrive under Møteprotokollen.

Nils Ola Langseth og Inge Lindheim vart valde

Sak 3: Årsmeldingar

- Stein Inge Lindheim gjeide gjennom årsmeldinga frå laget. Dtt var merknad til årsmelding som gjeide på manglende punkte bdr. rikt.

- Kolbjørn Nord gjeide gjennom årsmeddly på fiskeentralitt. Dtt vart m.a. vist til positiv erfaring frå fiske-

-lourennansen på Fjærlandsele (godt arrangement)

Vdr. fiskekontordning i Høyanger vart det vist til relativt godt fiske med 149,8 kg laks og 10,8 kg sjøsaupe.

Fishtida var 15. juli - 31. august. Lagt bør ja til ein 10-årig avtale for ein gjer iha med investeringar i elva.

Sak 4: Rekneslap

Rekneslapen vart godkjent.

J.

Sale 5: Val

Formann: Kjart Langseth

Selesetor: Bjørn Fjøsne

Varamedlem: Steinar Berleum

Jaktutval:

Medlem: Ivar Tagerheim

Varamedlem: Vidar Frekleland

Fiskerutval:

Formann: Agsimund Espe

Medlem: Frode Ljones (for eit år)

Medlem: Kolbjørn Wold

(fiskeutvalet utvila med ein person)

Revisor: Sverre Fossen

Valnemnd: Vidar Frekleland

Gør Nygård

For Olav Hennin (for eit år)

Sale 6: Bygging av nytt baneanlegg og tilbake på Idreppa
Odd Reiknes orienterte om byggeplanene og
om den som er gjort fram til i dag. Det står
opp med spørsmål om ev. samordning med
skyttarlaget på Moene, seinare Kråken, før det
er blitt opp med at ein bønde sette på Kleppa-durssidt.
Det er bladde møte med kommunen og Syril, Helde
Syrfjord og utført skykeselering (Prins). Bane-
anlegget er med i forslaget til kommuneplanen.
Det er vidare bladde møte med Miljøvernddelings
hjå Fylkesmannen. Det kom der fram at ein har

alt å døme ildige beng lionsesjon. Den har også
blitt levert til med Hvitvernut

Det var lagt fram planar forbane og lykte med
moshedskallayle. Bana er planlagt med overbygg
og stasjonærer. Helt anlegget er kostnadsbeslektet
til vel 1. mill. kr. og er tenkt finansiert med
1/3 tippemidler, 1/3 kommunen og 1/3 laget (i form av døgnad).
Gruppe på 3 personar var velt til å arbeide med
soknad vedr. midlar: Svein Inge Lindheim, Sven-Eile Vestby og
Kjell Eile Strand.

Vedtale: Årsmøtet gir inn for at styret arbeider
vidare med planane.

Olav Læzeig

Svein Inge Lindheim